



DEN NORSKE KYRKJA

Skodje sokn

Møtebok Skodje sokneråd

Møtedato: 21.11.2024
Møtetid: kl. 19.00 – 21.00
Møtestad: Kyrkjebrakka

Til stades Arnstein Sæthre
Knut Bjune
Ragnvald Holvik
Bitten Kvilekval
Lars Flåte
Jan Løkkeborg (sokneprest)
Astrid Eide (dagleg leiar)

Forfall Bente Vadset, Tove S. Kristensen (permisjon)

Sakliste

- 44/24 Godkjenning av innkalling og sakliste**
- 45/24 Godkjenning av møtebok 24.10.2024**
- 46/24 Orienteringssaker / skriv og meldingar**
 - Nytt frå stab og utval
 - Nytt frå Fellesrådet
- 47/24 Rekneskapsrapport pr. 30.09.2024**
- 48/24 Budsjettregulering 2024**
- 49/24 Budsjett 2025**
- 50/24 Jubalo-midlar til barne- og ungdomsarbeidet**
- 51/24 Val av leiar og nestleiar 2025**
- 52/24 Høyring om rammene for kyrkjevalet**
- 53/24 Offertildeling 2025**
- 54/24 Møtedatoar våren 2025**
- 55/24 Eventuelt**
 - Kyrkjestova (Olmanngarden)



Saker

44/24 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Skodje sokneråd godkjenner innkalling og sakliste utan merknadar.

45/24 Godkjenning av møtebok 24.10.2024

Vedtak:

Skodje sokneråd godkjenner møteprotokoll frå 24.10.24 utan merknadar

46/24 Orienteringssaker / skriv og meldingar

Nytt frå stab og utval

- Staben jobbar med å planlegge alt som skal skje i julehøgtida.
- Basar-utvalet har hatt møte. Satt i gang og fått på plass ein god del.

Nytt frå Fellesrådet

Vedtak:

Skodje sokneråd tek skriv og meldingar til vitande.

47/24 Rekneskapsrapport pr. 30.09.2024

Vedlegg: Resultat m budsjett Skodje pr 30.09.24

Vedtak:

Skodje sokneråd tek rekneskapsrapporten til vitande

48/24 Budsjettregulering 2024

Vedtak:

Skodje sokneråd godkjenner regulert budsjett pr. 22.11.2024. Grunna forseinka faktura frå KIWI Skodje for perioden august 2022 til oktober 2024 på kr. 39.248 har regulert budsjett eit meirforbruk på kr - 60 976,00
Meirforbruket vert dekt inn av disposisjonsfond når årsresultatet for 2024 vert lagt fram for godkjenning og disponering i 2025.

49/24 Budsjett 2025

Vedtak:

Skodje sokneråd godkjenner framlegg til budsjett 2025

**Merk overføring av kr. 42.000 kr til driftsbudsjettet frå disp.fond (C29).*



50/24 Jubalo-midlar til barne- og ungdomsarbeid

Vedtak:

Soknerådet støttar kyrkjelydspedagog Julie Elise Tronstad sitt forslag om å nytte midlane frå barnekoret Jubalo til å drifte barnekor i soknet. Soknerådet ber om at det i regnskapet vert oppretta eit bunde fond merka Barne- og ungdomsarbeid for midlane, kr. 58.473,14, samt opprette eit tilsvarende prosjektnummer.

51/24 Val av leiar og nestleiar for 2025

6 stemmeføre

Vedtak:

Leiar: Knut Bjune blir vald til leiar for 2025. Samrøystes.

Nestleiar: Det var stemmelikheit for hhv Arnstein Sæthre, 3 stemmer og Tove Solheim Kristensen, 3 stemmer. Val av nestleiar vert derfor utsett til neste møte.

52/24 Høyring om rammene for kyrkjevalet

Vedtak:

Skodje sokneråd vedtek å sende inn forslag til høyringssvar frå soknerådsleiar med følgjande endring; Eit samrøystes sokneråd vel JA på pkt 22 og 23.

53/24 Offertildeling 2025

Vedtak:

Offertildelingar i 2025 vert gjort etter same mal som for 2022 og 2023. Det vil seie at halvparten av ofringane skal gå til soknet sitt eige arbeid, og at misjonsprosjekta i regi av Det Norske Misjonsselskap og Misjonsalliansen vert prioriterte. Kyrkjeoffer julaftan skal tildelast Kirkens Nødhjelp. Arbeidsutvalet får fullmakt til å disponere dei andre ledige offersøndagane.



DEN NORSKE KYRKJA

Skodje sokn

54/24 Møtedatoar våren 2025

Vedtak

Skodje sokneråd vedtek følgande møteplan

09.01.2025

06.02.2025

03.04.2025

15.05.2025

12.06.2025

Saker til eventuelt

55/24 Olmannngarden

Vedtak:

Olmannngarden ved kyrkja er lagt ut for sal. Soknerådet synest dette kan vere interessant å sjå nærmare på, både med tanke på huset som kyrkjelydshus, men óg marka rundt kyrkja som eventuell utviding av kyrkjegarden.

Soknerådet gir, Lars Flåte, representant Kyrkjestovekomitéen, mandat til å ta kontakt med Landbrukskontoret for orientering om konsesjonsrett m.m.

Neste møte: 09.01.2025

For Skodje sokneråd

Astrid Josefine Eide, dagleg leiar (ref.)